
Saksnr: 2020/76915-8
Saksbehandlar: Marita Onarheim Rong

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		17.02.2021
Fylkesutvalet		02.03.2021

Høyringsuttale av framlegg til omklassifisering av ulike delar av E39 i Alver og Bergen kommune

Forslag til innstilling

- Fylkesutvalet tilrår at følgjande strekningar av E39 vert omklassifiserte til fylkesveg:
 - Ev39 hp73 m32000 - m32102 (Hjelmås)
 - Ev39 hp72 m32000 - m32095 (G. Eknes industri)
 - Ev39 hp490 m0 - m77 (Klauvaneset)
- Fylkesutvalet tilrår at følgjande strekningar av E39 framleis skal vere klassifiserte som riksveg:
 - Ev39 hp74 m3200 - m32092, Ev39 hp808 m31000 - m31059, Ev39 hp808 m14000 - m14018 (Hillesvåg)
 - Ev39 hp71 m32000 - m32068, Ev39 hp806 m31000 - m31034 (Ostereidet senter)

Samandrag

Saka gjeld fleire høyringar frå Statens vegvesen om omklassifisering til fylkesveg. Fylkesrådmannen har vurdert funksjonen til strekningane, og konkludert at det både er grunnlag for endring av klassifisering og behalde dagens klassifisering.

Med bakgrunn i saka tilrår fylkesrådmannen at strekningane omtala i høyringane for G. Eknes Industri, Klauvaneset og Hjelmås får status som fylkesveg, og at strekningane for Hillesvåg og Ostereidet senter framleis har status som riksveg.

Fylkesrådmannen føreset at ei omklassifisering av strekningane samsvarar med veglova § 7, og at dei tekniske krava gitt i NA-rundskriv 97/13 er innfridde.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Johanne Lefdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift


Vedlegg

- 1 Høyring av framlegg til omklassifisering E39 Klauvaneset - Driftskontrakt veg 9304 Bergen 2021 - 2026
- 2 Høyring av framlegg til omklassifisering - E39 Ostereidet senter - Driftskontrakt veg Nordhordland 2021-2026
- 3 Høyring av framlegg til omklassifisering E39 Hjelmås - Driftskontrakt veg Nordhordland 2021-2026
- 4 Offentleg høyring Omklassifisering - E39 Hillesvåg -Driftskontrakt veg Nordhordland 2021-2026
- 5 Høyring til framlegg om omklassifisering - E39 G. Eknes Industri - Driftskontrakt veg Nordhordland 2021-2026
- 6 Kopi - Endret vegnummer - høyring om framlegg om omklassifisering - E39 G. Eknes Industri - Driftskontrakt veg 9304 Bergen 2021-2026 - Alver kommune
- 7 NA-rundskriv 97/13

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Statens vegvesen har starta ein prosess med å omklassifisere fleire ulike delar av E39 i Alver og Bergen kommune til fylkesveg. Bakgrunnen for den politiske saka er at Vestland fylkeskommune har fått saka på høyring, og fylkeskommunen skal difor uttale seg.



Figur 1: Viser plassering av dei ulike strekningane i samband med høyringane. Strekningane som inngår i høyringane er vist som raudе linjer.

På Figur 1 er samanhengen mellom nummer og høyring som følgjande:

- | | |
|--------------------|--------------------------|
| 1. E39 Klauvaneset | 4. E39 G. Eknes Industri |
| 2. E39 Hillesvåg | 5. E39 Ostereidet senter |
| 3. E39 Hjelmås | |

Saksopplysningar om framlegga frå Statens vegvesen

Den 16.11.2020 fekk fylkeskommunen fem brev frå Statens vegvesen om høyring av framlegg til omklassifisering av E39 lokalisert ved G. Eknes Industri, Hjelmås, Hillesvåg, Ostereidet senter og Klauvaneset. I brev datert den 01.12.2020 stod Vestland fylkeskommune som kopimottakar på ein revidert versjon av høyringa ved G. Eknes Industri.

E39 ved G. Eknes Industri

Aktuell strekning ligg i Alver kommune, og fungerer som sekundærvæg frå E39 med tilkomst til fv. 5460.

Statens vegvesen si vurdering er at vegstrekninga til dagleg har ein funksjon som tilseier at den bør vere klassifisert som fylkesveg. Avkøyrseil til fylkesveg er ikkje ein funksjon som tilseier at vegen skal ha riksvegstatus, jamnfør funksjonsfordeling av vegnettet.

Framlegget til Statens vegvesen er slik at dei med bakgrunn i saksutgreiinga i høyringa vil rå til at Ev39 hp72 m32000-m32095 vert omklassifisert til fylkesveg.

E39 ved Hjelmås

Aktuell strekning ligg i Alver kommune, og fungerer som sekundærvæg frå E39 med tilkomst til fv. 5452.

Statens vegvesen si vurdering er at vegstrekninga til dagleg har ein funksjon som tilseier at den bør vere klassifisert som fylkesveg. Avkøyrseil til fylkesveg er ikkje ein funksjon som tilseier at vegen skal ha riksvegstatus, jamnfør funksjonsfordeling av vegnettet.

Framlegget til Statens vegvesen er slik at dei med bakgrunn i saksutgreiinga i høyringa vil rå til at Ev39 hp73 m32000-m32102 vert omklassifisert til fylkesveg.

E39 ved Hillesvåg

Aktuelle strekningar ligg i Alver kommune, og fungerer som tilkomstveg frå E39 til fv. 5452. Vidare er desse strekningane ein del av haldeplass for buss som Statens vegvesen i høyringa meiner tilhøyrer fylkesvegen. Vestland fylkeskommune har likevel registrert at det går buss frå haldeplassen som innehar ein riksvegfunksjon sidan det går ekspressbussar til blant anna Ålesund og Førde frå denne haldeplassen.

Statens vegvesen har ikkje eit eige punkt for vurdering av aktuelle strekningar i det aktuelle brevet, men dei vil likevel med bakgrunn i saksutgreiinga rå til at Ev39 hp74 m32000-m32092, Ev39 hp808 m31000-m31059 og Ev39 hp808 m14000-m14018 vert omklassifiserte til fylkesveg utan at fylkeskommunen får vurdering av saka.

E39 ved Ostereidet senter

Aktuelle strekningar ligg i Alver kommune, og fungerer som tilkomstveg frå E39 mot fv. 5456, fv. 5458 og haldeplass ved Ostereidet senter.

Statens vegvesen si vurdering er at vegstrekningane til dagleg har ein funksjon som tilseier at dei bør vere klassifiserte som fylkesveg. Avkøyrse til fylkesveg er ikkje ein funksjon som tilseier at vegane skal ha riksvegstatus, jamfør funksjonsfordeling av vegnettet.

Framlegget til Statens vegvesen er slik at dei med bakgrunn i saksutgreiinga i høyringa vil rå til at Ev39 hp71 m32000-m32068 og Ev39 hp806 m31000-m31034 vert omklassifisert til fylkesveg.

Andre saksopplysningar er at det er registrert av fylkeskommunen at haldeplassen ved Ostereidet senter også innehar ein riksvegfunksjon sidan det går ekspressbussar til blant anna Ålesund og Førde frå denne haldeplassen. No er ikkje vegreferansen for sjølve haldeplassen omtala i høyringa under framlegg til vedtak, men vegstrekninga inn mot denne er omtala under dette punktet.

E39 ved Klauvaneset

Aktuell strekning ligg i Bergen kommune, og fungerer som rundkøyring relatert til E39, fv. 5300 og kv. 5813.

Statens vegvesen si vurdering er at vegstrekninga til dagleg har ein funksjon som tilseier at dei bør vere klassifisert som fylkesveg. Rundkøyring for fylkesveg er ikkje ein funksjon som tilseier at vegen skal ha riksvegstatus, jamfør funksjonsfordeling av vegnettet.

Framlegget til Statens vegvesen er slik at dei med bakgrunn i saksutgreiinga i høyringa vil rå til at Ev39 hp490 m0-m77 vert omklassifisert til fylkesveg.

Annan informasjon i samband med høyringane frå Statens vegvesen

Saksgangen ved desse omklassifiseringane følgjer veglova § 7. Det vil vere Vegdirektoratet som fattar vedtak om omklassifisering av riksveg etter at kommune og fylkeskommune har uttalt seg i saka. Eit vedtak etter veglova § 7 fjerde ledd kan ikkje bli satt i verk før strekningane samsvarar med dei tekniske krava gitt i NA-rundskriv 97/13, og vedtak vil vere gjeldande frå vedtaksdato dersom dei tekniske krava er oppfylte. NA-rundskriv 97/13 og dei ulike høyringsbrev som fylkeskommunen har mottatt i samband med saka er lagd ved saksframlegget som vedlegg.

Vedtakskompetanse

Veglova § 7

Fylkesutvalet har mynde til, etter innstilling frå hovudutval for samferdsel og mobilitet, å uttale seg om omgjerding av riksveg eller å gjere vedtak om nedlegging eller omgjerding av fylkesveg.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ei omklassifisering av strekningane vil for fylkeskommunen medføre auka kostnader knytt til drift- og vedlikehald, og kostnader knytt til forvaltning av infrastruktur og eigedom relatert til desse strekningane. Også kostnader knytt til grunnverv kan komme ved endring av veghaldar. Samstundes kan det gi grunnlag for meir i rammetilskot sidan eit kriterium for rammetilskot er delvis basert på den totale mengde med kilometer fylkesveg som fylkeskommunen har. Ved ei eventuell overtaking av veg vil eventuelle kostnader knytt til meir fylkesveg finansierast på same måte som dei resterande fylkesvegane i fylket.

Klima: Ingen innverknad

Folkehelse: Ingen innverknad

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ingen innverknad

Konklusjon

Fylkesrådmannen vurderer at enkelte av strekningane som inngår i høyringane ikkje har ein funksjon som tilseier at dei bør vere klassifiserte som riksveg, og bør difor omklassifiserast til fylkesveg. Dette gjeld dei strekningane som er omtala i høyringane for G. Eknes Industri, Klauvaneset og Hjelmås.

Vidare er fylkesrådmannen ueinig i Statens vegvesen si tilråding i høyringane for Hillesvåg og Ostereidet senter. Fylkesrådmannen vurderer at desse vegstrekningane har ein funksjon som tilseier at dei framleis skal vere klassifisert som riksveg.

Bakrunnen for denne vurderinga er at det ved begge stadane er haldeplassar i samband med strekningane som enten fører fram til busshaldeplass eller der busshaldeplass er ein del av strekningane. Desse haldeplassane innehar ein riksvegfunksjon sidan det her går intercitybussar til blant anna Ålesund og Førde. Av den grunn kan ikkje fylkesrådmannen sjå at det vil vere grunnlag for å endre klassifiseringa av desse strekningane som er omtala ved Ostereidet senter og Hillesvåg sidan infrastrukturen for buss har riksvegfunksjon, og dermed framleis bør vere ein del av riksvegen. Slik fylkesrådmannen kan sjå er det heller ikkje eit eige riksvegtilbod med haldeplassar langs hovuddelen av E39 i omtala område, og det vil difor ikkje vere aktuelt for fylket å overta eller ta ansvar for eit eksisterande riksvegtilbod.

Vidare er det mogleg med samanhengande drift- og vedlikehald i samband med hovuddelen av E39 som følgje av at strekningane ved Hillesvåg og Ostereidet senter har ei utforming som mogleggjer dette så lenge dei innehar ein riksvegfunksjon. Fylkesrådmannen legg her merke til at utforminga av strekningane ved Hillesvåg og Ostereidet senter vil gje uheldig oppdeling av drift- og vedlikehald for fylkeskommunen dersom tilrådinga til Statens vegvesen blir vedtatt. Dette gjeld særskild ved Ostereidet senter sidan strekningane i tilrådinga ikkje er i direkte kontakt med ein fylkeskommunal vegreferanse, og at strekningane ikkje samsvarar med kriteria for kva som skal vere fylkesveg.

Fylkesrådmannen kan med bakgrunn i dei faktiske forhold sjå at tilrådinga til Statens vegvesen ikkje vil samsvare med dei gjeldande reglane for funksjonsfordeling av vegnettet sidan dei tilrådde strekningane ved Ostereidet senter og Hillesvåg har ei kopling til større byområde via haldeplassane.

Med bakgrunn i saka vil fylkesrådmannen tilrå at strekningane som er omtala i høyringane for G. Eknes Industri, Klauvaneset og Hjelmås blir omklassifisert til fylkesveg. Vidare vil fylkesrådmannen tilrå at strekningane omtala i høyringane for Hillesvåg og Ostereidet senter framleis har status som riksveg.

Fylkesrådmannen føresett at ei omklassifisering av strekningane samsvarar med veglova § 7, og at dei tekniske krava gitt i NA-rundskriv 97/13 er innfridd.